



601672

## Bokføringsbilag

Følgende informasjon er tilgjengelig for betalingen:

Betaler	Mottaker
Fra konto: 7694.05.51745 Navn: FYLKESMANNEN I HORDALAND Adresse: POSTBOKS 7310 5020 BERGEN	Til konto: 1503.18.83722 Navn: Meland Kommune Adresse: Havnevegen 43 5918 FREKHAUG
<b>Betalingsinformasjon</b>	
Bokført dato: 17.07.2015	Beløp: NOK 175.000,00
Arkivref.: Q26153 Nummerref.: 0	Opprinnelig beløp: 175.000,00 Valutert dato: 17.07.2015 Meldingstype: Innland
<b>Melding</b>	
15/4105	
TILSKOT TIL KOMMUNALE KOMPETANSE OG INNO 175.000,00	

Utskrift: AINA ELISABETH ERSTAD 03.08.2015 15:32:07

5.8.15 A. Entlad  
 17012 140 2540  
 21020900      141 175 000,- K  
 175 000,- D



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Beate Helland, 5557 2215

Vår dato  
07.07.2015  
Dykkar dato  
12.05.2015

Vår referanse  
2015/4105 730  
Dykkar referanse

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Meland kommune - Tilskot til kommunale kompetanse- og innovasjonstiltak i helse- og omsorgstenestene 2015

Fylkesmannen i Hordaland viser til e-post med utlysningsbrev dagsett 13. mars 2015, samt kommunen sin søknad av 12.05. 2015.

#### Hovedmål for «Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot

Stimulere kommunane til kompetanseutvikling og innovasjon for å møte framtidas utfordringar på helse- og omsorgsfeltet med bærekraftige og gode tiltak og tenester.

Utfordringsbiletet slik det står i Meld St 29(2012-2013) Morgendagens omsorg kap 1.2.2 gjev overordna føringar for tilskotsordninga. Kommunar kan søkje om midlar til kompetanseutvikling, opplæringstilskot knytta til brukarstyrt personleg assistanse BPA og innovasjonsprosjekt.

#### Delmål

- Sterkare brukarmedverknad og betre samspill med pårørande, frivillige og lokalsamfunnet
- Førebyggje og utsette behov for kompenserande tenester og bidra til at brukarane held ved like eller får att funksjonsevne og sjølvstende
- Styrket leiarkompetanse, fagutvikling, større faglig bredde og tilstrekkeleg, kompetent og stabil bemanning
- Etisk refleksjon og kunnskapsbasert praksis.

#### Søknadene vil bli prioriterte i denne rekkefølgja i 2015

1. Tiltak under kompetanseløftet
2. Brukarstyrt personleg assistanse
3. Innovasjons- og kompetansetiltak

Fylkesmannen i Hordaland har tatt og utgangspunkt i kommunane sine eigne prioriteringar.

#### Tildeling av tilskot for 2015

Fylkesmannen tildeler Meland kommune kr 175 000,- stimuleringstilskot til kompetanse- og innovasjonstiltak i følgjande kategoriar:

### 1. Tiltak under Kompetanseløftet

Kvalifisering av ufaglært personale til helsefagarbeidar	kr	
Fagskule. Vidareutdanning for personale med vidaregåande opplæring	kr	
Desentraliserte høgskulestudiar		
Vidare- og etterutdanning av høgskuleutdanna personell Masterutdanning	kr	<b>175 000</b>
Demensomsorgens ABC/ Eldreomsorgens ABC kr	kr	
”Eg vil bli helsefagarbeidar. Med ABC til fagbrev”		
Opplæringspakke innan Aktiv Omsorg	kr	
Opplæring innan legemiddelhandtering	kr	
Opplæring av personell til psykisk utviklingshemma	kr	
Andre opplæringsstiltak	kr	
Totalt	kr	<b>175 000</b>

#### Regler for klagebehandling

Tildeling av/ avslag på tilskot under ordninga er ikkje eit enkeltvedtak, og det er difor ikkje klagerett, jfr. forvaltningsloven § 28.

#### Utbetaling av tilskotet og krav til stadfesting

Tilskotet blir først utbetalt når Fylkesmannen i Hordaland har mottatt vedlagte skjema for stadfesting i utfylt stand. Skjemaet må vere påført kontonummer og underskrive av ansvarleg leiar i kommunen. Vidare må tilskotsmottakar oppfylle alle krav gitt i dette regelverket og i tilskotsbrevet. For eksempel krav til rapportering på tidligare mottatt tilskot.

Tilskotsmottakar må varsle Fylkesmannen, utan unødig opphold, dersom adresse, bankkontonummer eller organisasjonsnummer er endra.

Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal utan unødig opphold returneras til fylkesmannen med referanse til kapittel post og ordning.

#### Vilkår

Tilskotsmidlane er gitt til dei formål som går fram av dette brevet og må disponerast slik dei er tildelt. Tilskotet kan som hovudregel ikkje omdisponerast eller brukast til andre formål enn det som det er søkt om. Ei eventuell om disponering kan berre skje etter søknad til Fylkesmannen.

Tilskotet skal nyttast dette budsjett- og kalenderåret, jamfør det statlege løyvingsreglementet. Dersom midlane ikkje kan nyttast etter føresetnadene, skal dei betalast tilbake til Fylkesmannen i Hordaland, eventuelt søkjast overført til neste års budsjett. Midlar som ikkje blir brukt i år vil normalt bli trekt frå neste års tilskot dersom tiltaket blir vidareført. Feil bruk

og misleghald av tilskotet vil kunne føre med seg rettslege inngrep.

Regnskapet for tilskotet skal først separat, skilt fra det kommunale regnskapet, for eksempel med eige prosjektnummer. Det skal gå fram kva utgifter tilskotet er brukt til.

#### **Kontroll av tilskotsmottakarar og dokumentasjon**

Riksrevisjonen og Fylkesmannen har høve til å kontrollere at midlane blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i det statlege løvvingsreglementet.

Det er eit krav at regnskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for tilskotet skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet tilskotsbrevet blei mottatt.

#### **Krav til rapportering på at mål er nådd:**

Bruk av det statlege tilskotet skal rapporterast. Rapportene skal sendes oss elektronisk, og rapporteringsskjema finns på våre nettsider. Det skal fylles ut to rapporteringsskjema, eit skjema for hele tilskotet og eit Excel ark som omhandlar rapportering på kompetansemidlar.

Rapporteringa skal innehalde

- Rekneskap per 31.12.2015
- For innovasjonsprosjekter inkludert kvardagsrehabilitering er det krav til rapport på at mål er nådd, sjå rapporteringsskjema
- For innovasjonsprosjekter er det krav til revisorkontroll når tilskotsbrevet er meir enn kr 100 000

**Frist for rapportering er 01.03.2016.** E-post: [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no)

#### **Ytterlegare krav til rapportering:**

Forskningsrapporter og annen dokumentasjon fra innovasjonsprosjekter under denne tilskuddsordningen skal sendes:

Senter for Omsorgsforskning, Høgskolen i Gjøvik, postboks 191, 2802 Gjøvik  
E-post: [postrmottak@hig.no](mailto:postrmottak@hig.no)

#### **Bortfell av tilskot**

Dersom tilskotsmottakar ikkje har oppfylt de krav som går fram av regelverket eller tilskotsbrevet bortfell tilskotet.

Med helsing

Signe Marit Stephanides  
ass. fylkeslege/seksjonsleiar helse

Beate Helland  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi: Anita Eslad

Stadfestinga skal snarast sendast i retur til:  
Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Vår ref. 2015/4105

Meland kommune  
v/ Helge Kvam

**Stadfesting** 95 15 49 770

Organisasjonsnummer: .....

Kontonummer: 1503.18. 83722

(NB! Dersom kontonummeret endrast i løpet av året, må Fylkesmannen i Hordaland snarast få  
melding om endringa)

Namn, adresse og telefonnummer på prosjektleiar /økonomiansvarleg:

HELGE KVAM - RADJEVAR TLF: 56 17 10 70 / 41 69 65 53  
RAPHUSET - MELAND KOMMUNE  
PB 79, 5906 TREKHAUG

Tilskotsbrev med tilskot til utbetaling på kr 175 000, - over statsbudsjettets kapittel  
0761 post 68 for budsjettåret 2015 fra kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot  
2015.

Meland kommune, stadfestar med dette å ha lese og godteke dei vilkåra som er gitt i  
tilskotsbrev av 07.juli 2015.

Trekhaug 7/7-15  
sted dato

KarlAnne Jepsen

ansvarleg person

MELAND KOMMUNE  
Personal og  
organisasjonssjef

Stadfestinga skal underteiknast av den som har prokura. For kommunar skal stadfestinga  
underteiknast av rådmannen eller den rådmannen har delegert mynde til.